



J H Nævdal Bygg AS  
Leirvikåsen 41 A  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3851 - 16/18750

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
30.06.2016

## Løyve til igangsetting for brannalarm, nødlis, luftbehandling og golvvarme - gbnr 195/76 Leiknes

### Administrativt vedtak. Saknr: 332/16

**Tiltakshavar:** Lindås kommune v/Terje Fauske  
**Ansvarleg s kjar:** JH Nævdal Bygg AS  
**S knadstype:** S knad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

### SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld s knad om igangsetting av delar av tiltaket: Brannalarm og nødlis, luftbehandling og golvvarme.

Det er i saka gjeve f lgjande l yve:

- Rammel yve og igangsetting del 1 av grunnarbeid datert 12.01.16 for oppf ring av tilbygg til Leknes skule – fleirbrukshall.
- Godkjenning av ansvarsrett datert 15.01.16
- Igangsettingsl yve del 2 datert 09.02.16 for betongarbeid, st lkonstruksjon og t mrarbeid.
- Igangsettingsl yve del 3 datert 02.06.16 for takelementer.

Det vert elles vist til s knad motteken 15.06.16.

### Sakshandsamingsfrist

S knaden var komplett og klar for handsaming den 15.06.16 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker fr  denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.



## VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a) vert det gjeve løyve til igangsetting av del av tiltaket som gjeld brannalarm og nødllys, luftbehandling og golvvarme i samband med oppføring av tilbygg til Leknes skule - fleirbrukshall på følgjande vilkår:**

1. Rammeløyve av 12.01.16 og delvis igangsetting, ansvarsrett gjeve 15.01.16 og igangsettingsløyve av 09.02.16 og 02.06.16 med vilkår og ansvarsrettar gjeld for tiltaket.
2. Gjennomføringsplan med omsyn til føretaket OPAK AS må påførast tiltaksklasse jf. vilkår 2 i vedtak datert 09.02.16 og 02.06.16.

**Kommunen legg gjennomføringsplan samt erklæring om ansvarsrett til grunn for tiltaket**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3851**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune

Kvernhusmurane 20 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

J H Nævdal Bygg AS

Leirvikåsen 41 A 5179

GODVIK